



Fylkesrådet for eldre
Fylkeshuset - Askedalen
6863 LEIKANGER

Vår ref: (oppgjør ved kontakt)
2011/1440 - 18323/2016

Dykkar ref.:

Saksbeh.: Randi Holsen Solheim,
tlf: 415 30 430

FØRDE,
20.06.2016

Oppnemning av personar for val av nytt felles Brukarutval i Sogn og Fjordane

Det er tid for nytt val av medlemmar og varamedlemar til felles Brukarutval i Sogn og Fjordane. Ny periode gjeld frå 1.januar 2017 – 31.desember 2019.

Retningslinjer for felles brukarutval for Helse Førde og kommunane i Sogn og Fjordane vart fastsett av koordineringsrådet, 04.10.12. I punkt 6 kjem det fram at brukarutvalet skal ha 10 medlemmar. Vidare heiter det;

Ved første valet gjer Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) framlegg om 4 medlemmar og 2 varamedlemar bunde til desse og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjonar (SAFO) gjer framlegg om 2 medlemmar med 1 varamedlem bunden til desse og Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane skal gjere framlegg om 1 medlem med personleg varamedlem. I tillegg skal det oppnemnast 1 representant frå ein brukarorganisasjon utanfor paraplyorganisasjonane FFO og SAFO med personleg varamedlem frå denne gruppa av organisasjonar. Aktuelle organisasjonar skal ha høve til å kome med framlegg. Det skal òg gjerast framlegg om varamedlem. (1)

Organisasjonane skal gjere framlegg om ein breiast mogleg representasjon av medlems-massen. I dette må ein avvege representasjon i høve akutthjelp og dei breie brukargruppene, og på tvers av t.d. skiljet mellom somatikk og psykiatri.

Ved oppnemninga skal ein søke å oppnå ei mest mogeleg jamn geografisk fordeling i fylket. Vidare skal det vere mest mogleg lik fordeling mellom kvinner og menn.

KS skal syte for framlegg til ein representant som er brukarrepresentant i eit kommunalt råd for eldre/ menneske med nedsett funksjonsevne. Leiår for dei regionale fagnettverka for helse og omsorg kjem med framlegg til representant. Representasjonen rullerar mellom dei fire regionane i fylket i denne rekkefølgja: Nordfjord, HAFS, Sogn, Sunnfjord. Tilsvarande råd på fylkeskommunalt nivå gjer framlegg om ein representant.

Brukarrepresentantane skal ha god brukarkompetanse. Det er då ein føresetnad at brukarrepresentantane har eller skaffar seg slik kompetanse som kvalifiserer dei til å delta og bidra til endring gjennom planmessig kompetanseutvikling som byggjer på systematisering av eigne og andre sine erfaringar. Brukarutvalet skal utvikle eller på annan måte tilby opplæring i høve dette, også med tanke på reine kommunale brukarutval.



Helse Førde HF
Administrasjon

Besøksadresse:
Naustdalsvegen 5
6800 FØRDE

Postadresse:
Postboks 1000
6807 Førde

Telefon: 57 83 90 00

post@helse-forde.no

www.helse-forde.no

Org.nr: 983 974 732

*Koordineringsrådet oppnemner brukarutvalet på grunnlag av framlegg frå organisasjonane, jfr avsnitt 2 og 5
ovanfor.*

*...//.. I tillegg møter ein fast representant frå føretaksleinga i Helse Førde og ein fast representant frå
KS/kommunane. Desse vert og oppnemnde for 2 år. ...//..*

Det vert planlagd at koordineringsrådet skal stadfeste oppnemningane i sitt møte 07.11.16. Vi ber
difor om framlegget frå dykkar organisasjon innan 10.10.d.å.

Med helsing

Randi Holsen Solheim
rådgjevar

Vidar Vie